



DOVRE KOMMUNE

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/1802-5

Saksbehandler: Arne Furumo

Sakens gang

Saksnummer	Møtedato	Utvalg
2026/7	10.02.2026	Plan-, nærings- og utviklingsutvalget

Endring av forskrift om nedsett konsesjonsgrense – fjerning av slektskapsunntak og innføring av upersonleg buplikt

Vedlegg

- 1 Gjeldande forskrift
- 2 Forslag til ny forskrift

Saksutredning:

I møtet den 29.9.2025 ga kommunestyret i Dovre administrasjonen i oppdrag å sette i gang arbeidet med å endre gjeldande forskrift om nedsett konsesjonsgrense, med sikte på å fjerne slektskapsunntaket ved overdraging av fast eiendom. Samtidig vart det vedteke at buplikta ved arv og overdraging innan nær familie skal vere upersonleg, slik at buplikta kan oppfyllest gjennom utleige.

Gjeldande lokal forskrift om nedsett konsesjonsgrense er fastsett med heimel i konsesjonslova § 7, og har som formål å sikre at eigedomar som er eigna for heilårsbusetnad, faktisk blir nytta til dette føremålet. Erfaringar viser at gjeldande forskrift ikkje i tilstrekkeleg grad sikrar heilårs busetting ved overdraging av eiendom i nær slekt.

Forslaget til forskriftsendring er ei direkte oppfølging av kommunestyret sitt vedtak, og inneber at buplikt skal gjelde uavhengig av slektskapsforhold. Samtidig blir buplikta gjort upersonleg, slik at kravet kan oppfyllest ved at eigedomen blir leigd ut til heilårs busetting.

Forskriftsendringa vil ikkje ha tilbakeverkande kraft og vil berre gjelde for overdragingar som skjer etter ikraftsetting.

Vurdering:

Administrasjonen vurderer endring av lokal forskrift om nedsett konsesjonsgrense som eit eigna og målretta verkemiddel for å styrke heilårs busetting i Dovre kommune. Forslaget er i tråd med kommunestyret sitt vedtak og med arealstrategien til gjeldande samfunnsplan, som seier at Dovre kommune skal legge til rette for ein velfungerande bustadmarknad i kommunen.

Ved å fjerne slektskapsunntaket blir overdragingar i og utanfor nær familie likestilte. Samtidig blir buplikta gjort mindre inngripande ved at ho er upersonleg og kan oppfyllest gjennom utleige. Dette gir større fleksibilitet for eigar, samtidig som omsynet til busetting blir ivareteke.

Saka er vurdert opp mot landbruksfaglege omsyn, utan at det er peikt på uheldige konsekvensar for landbruket.

Administrasjonen meiner at ei presisering i forskrifta gjennom ein ny paragraf gir ei tydeleg, føreseieleg og etterprøvbar regulering, noko som mest sannsynleg vil redusere behovet for dispensasjonar og skjønn i enkeltsaker.

Forslag til endringar i forskrift om nedsett konsesjonsgrense:

§ 3 Slektsskap

Konsesjonsfridomen etter konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1 blir sett ut av kraft for Dovre kommune for eigedomar som gjeld § 1 og § 2 i denne forskrifta.

§ 4 Upersonleg buplikt

For eigedomar som er omfatta av § 2 og § 3 i denne forskrifta, er buplikta upersonleg.

Buplikta er oppfylt når eigedomen blir nytta som heilårsbustad, og ein eller fleire personar er registrerte som busette på eigedomen i Folkeregisteret.

Buplikta kan oppfyllest ved at eigedomen blir leigd ut til heilårs busetnad.

Rådmannens innstilling:

Plan-, nærings- og utviklingsutvalgets behandling av sak 7/2026 i møte den 10.02.2026:

Behandling

Rådmannens innstilling ble vedtatt med 7 mot 1 stemme.

Vedtak

Plan-, nærings- og utviklingsutvalet vedtar:

1. I medhald av forvaltningslova § 37 blir forslag til endring av forskrift om nedsett konsesjonsgrense i Dovre kommune lagt ut på lovbestemt høyring.
2. Høyringsfrist blir sett til 25. mars 2026.
3. Gjeldande forskrift og forslag til ny forskrift følger saka som vedlegg.

Plan-, nærings- og utviklingsutvalet vedtar:

1. I medhald av forvaltningslova § 37 blir forslag til endring av forskrift om nedsett konsesjonsgrense i Dovre kommune lagt ut på lovbestemt høyring.
2. Høyringsfrist blir sett til 25. mars 2026.
3. Gjeldande forskrift og forslag til ny forskrift følger saka som vedlegg.